



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
40/2014	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.09.2014

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 033, FA - M80	14/654

### DRØFTINGSSAK OM INTERKommUNAL BRANN OG REDNINGSTENESTE

#### Vedlegg:

Program brann og redningskonferansen til Bergensalliansen 23 juni  
Gjennomgang av brannvernet - Innstilling frå mellombels komite

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 40/2014

#### FPØ - behandling:

I medhald av fvl §6 b) vedtok formannskapet samråystes at Bjørg Aase N. Hop er ugild i saka

#### Framlegg frå ordføraren:

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ei sak om eit mogleg samarbeid med Bergen brannvesen på lik linje med Osterøy og Samnanger.

Framlegget vart samråystes vedteke.

#### FPØ - tilråding/vedtak:

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ei sak om eit mogleg samarbeid med Bergen brannvesen på lik linje med Osterøy og Samnanger.

#### Saksopplysningar:

Vaksdal har nyleg hatt ein større gjennomgang av brann og redningstenestene i kommunen og

kommunestyret vedtok følgande i mai:

*Dagens brannordning vert vidareført i påvente av avklaring om ev interkommunalt samarbeid innan brann og redning. Om eit slikt samarbeid ikkje er nærmare ei avklaring innan utgangen av 2014 får formannskapet fullmakt til å gå i dialog med Bergen brannvesen om eit samarbeid. Revidering av brannordninga vert ein del av eit slikt samarbeid. Samarbeidsavtale skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning.*

Ordførar har bede rådmann legge fram ei drøftingssak til formannskapet om korleis vedtaket kan følgast opp.

### **Interkommunalt samarbeid**

Eit samla formannskap deltok på dagskonferanse med tema «Korleis sikre innbyggjarane best mogeleg brann og redningstenester?» i regi av Bergensalliansen 23. juni i år. Erfaringar frå ulike interkommunale samarbeid om brann og redningstenester vart presentert i tillegg til brannstudien.

Det pågår prosessar i heile landet for å etablere større regionale brannvesen. Fleire kommunar i vårt fylke samarbeidar allereie i dag om brann og redningstenester og det pågår prosessar for å etablere eit større regionalt samarbeid. Fordelane med slik organisering er m.a større kompetansemiljø, opplæringsmogelegeheter, auka ressursar og kompetanse til det førebyggande arbeidet og tilsyn, heiltidsstillingar innafor viktige fagfelt, leiing og leiarutvikling.

For Vaksdal kommune vil Bergen brannvesen vera ein naturleg samarbeidspart. Samnanger og Osterøy kommunar har pr. i dag avtale med Bergen brannvesen om brann og redningstenester. I eit ev framtidig større regionalt samarbeid er det naturleg at ein tar utgangspunkt i Bergen brannvesen sine ressursar. Det vil såleis ikkje vera stor risiko om Vaksdal inngår eit samarbeid med Bergen slik som nabokommunane våre har gjort, det kan truleg lette ei ev overgang til eit større regionalt samarbeid seinare. For å få på plass ein avtale for 2015 er det naudsynt å starte dialogen ganske raskt. Det er også naturleg å kunne behandle ein samarbeidsavtale samtundes med økonomiplanen.